Referat frå møte i rådet
ved Institutt for framandspråk

Møtetid: onsdag 23. oktober 2019 kl. 12.15
Stad: seminarrom 301, HF-bygget

Frammøtte:
Frå gruppe A: Esmira Nahhri (arabisk), Lene M. Johannessen (engelsk), Sonia Lagerwall (fransk), Marco Gargiulo (italiensk), Hildegunn Lahlum Helness (Nasjonale prøvar), Guowen Shang (kinesisk), Brita Lotsberg Bryn (russisk), Jon Askeland (spansk), Birger Solheim (tysk) og Åse Johnsen (instituttleiar).
Frå gruppe B: ingen
Frå gruppe C: ingen
Frå gruppe D: Natalie Unger.

Arve Kjell Uthaug møtte som referent.

Sak 1 – Innkalling og sakliste
Godkjende utan merknader. Ved ein feil var ikkje innkallinga sendt til studentane saman med dei andre medlemane. Ein av studentrepresentantane greidde likevel å møta på svært kort varsel.

Sak 2 – godkjenning av referatet frå rådsmøtet 28. august 2019
Godkjent utan merknader. Sjå https://www.uib.no/fremmedsprak/22347/referat-frå-instituttrådet

Sak 3 – orienteringssaker

a) Frå 1. november er Misuzu Shimotori tilsett i japansk lingvistikk (50 prosent stilling fram til årsskiftet, 100 prosent deretter). Robert Graff Bakkevold er vikar for Hild Meland Welle som studiekonsulent for arabisk, italiensk og spansk. Sju søkjarar er kalla inn til intervju og prøveforelesingar til dei to utlyste stillingane på engelsk lingvistikk. Instituttet håpar dessutan å få ei ny såkalla bru-finansiert stilling i kinesisk i budsjettet for 2020, dvs. ei stilling finansiert av UiB sentralt i startfasen og deretter av fakultetet på ordinært vis.
b) Instituttleiar orienterte om sakene til fakultetsstyret 29. oktober:
   - Reglane for instituttråda vil sannsynlegvis bli endra slik rådet heretter kan ha ni eller elleve medlemar, men ikkje fleire. Instituttleiinga vil i så fall be om at IF får eit råd med elleve medlemar. Rådet kan òg ope for at tilhøyrar kjem til møta, men då utan røysterett. Johannessen spurde om det var fornuftig å redusera studentgruppa (D) litt i høve til dei andre gruppene. I så fall kunne ein tenkja seg at eit instituttråd på elleve medlemar hadde med to studentar i staden for tre. Unger meinte derimot at to studentar ville vera i minste laget.
   - Det er planar om å oppretta eit nytt programstyre for forskarutdanninga ved fakultetet.
   - Fordelinga av masterplassar ved opptaket i 2020: I 2020 vert det ikkje teke opp nye masterstudentar på italiensk. Faget vil gjerne ha opptak av masterstudentar årleg, men dette kan vera vanskeleg av ressursmessige årsaker, påpeikte Johnsen. IF har bede om å ta opp ENGMAU-studentar berre annakvart år, men det har vi ikkje fått gjennomslag for på fakultetet. Talet på studentar på lektorprogrammet i framandspråk blir auka i framlegget til fakultetsstyret.

Sak 4 – Etter- og vidareutdanninga ved instituttet
Uthaug orienterte om status for vidareutdanninga ved instituttet med utgangspunkt i notatet som var sendt ut saman med innkallinga. Instituttleiar orienterte om nye søknader om støtte til utvikling og drift av vidareutdanning, og særleg om søknaden instituttet vil senda DIKU våren 2020: Her vil vi søkja om økonomisk støtte til å utvikla eit integrert tilbod for både campus- og fjernstudentar på spansk, fransk og tysk 100-nivå. Opplegget vil kombinera digitale læringspakkar med seminar, der nokre seminargrupper er på universitetsområdet og andre er på nettet. Eit slikt tilbod vil kunna trekkja til seg mange nye studentar, vera gratis òg for fjernstudentane, og gje fleire avlagte studiepoeng. Modellen kan òg overførast til andre fag seinare dersom det er ønskjeleg.

Sak 5 - Ymse
Ingen saker.

Åse Johnsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef